

Årsmelding Jølster IL Alpin 2020



Styret sidan årsmøte 26.8.20:

Leiar: Fabian Bergqvist.

Nest-leiar: Roger Ellingsund.

Marknad/Sponsoransvarleg: Atle Hamar.

Kasserar/ Tidtaking: Leon Gjerland.

Premieansvarlig/Sekretariat: Lillian Vasstein.

Rekruttering og sosial media: Torbjørn Erland.

Rekruttering og trenaransvar: Tore Karlsen.

Utstyr og sportsleg ansvarleg: Vidar Taklo

Jølster IL Alpin har fokus på breidde. Skiglede til flest mogeleg, lengst mogeleg.

Dei siste åra fallande medlemstall i spesielt aldrane 6-10 år. Det meste av styret sitt arbeid har derfor i all hovudsak handlet om rekruttering. I tillegg tilrettelegging for gode treningsforhold for aktive alpinistar opp til og med 16 års alder og administrative obligatoriske oppgåver.

Jølster Alpin har eit godt samarbeid med Jølster Skisenter, som gjer det mogleg å arrangere treningar, samt renn for alle målgruppene. I tillegg til lokale aktive også i form av internasjonelt FIS-renn

Styret har jamlege møter etter vedteke møteplan. Sidan årsmøte 26.8. var det totalt 3 styremøter. I tillegg gruppemøte relatert til FIS-renn 2021.

Trening, organisering og sportsleg aktivitet

Vinteren 2020 var prega av frekvent dårleg v r og forhold i januar og halve februar. Ei lita del av skianlegget var ope og tilgjengeleg for trening, men ikkje alle dagar eller alle veker. D  dette etter kvart betret seg var toget for ny-rekruttering til stor del g tt. Nokre veker seinare blei all aktivitet avlyst pga restriksjonar i samfunnet knytt til pandemi.



Sebastian Vasstein, Synne Vasstein og Lena Strand etter krinsrenn i Blomlia 7. mars.

Skiskule: Det var vinteren 2020 ingen skiskule for nybyrjarar.

Ei mindre gruppe med yngre i alderen 6-10  r trena i nedre del av Kvamsbakken og etter kvart i Familiebakken.

For ei ogs  mindre gruppe eldre (11-16  r) var det trening m ndag og onsdag og av og til i helg.

Totalt var det ca 15 barn og unge som deltok.

Dei som har vore med har ogs  vore flinke til   delta p  treningssamlingar og renn utanfor fylket. Det var mellom anna god deltaking under fartsamling og renn p   l i januar 2020 og p  krinsen sine treningssamlingar p  Fonna sommarskisenter under hausten.

Under  ret har klubben sine 2 FIS-l parar vore p  henholdsvis Skigymnas/Oppdal Alpin elite (J rgen Taklo) samt regionslaget Tr nder Alpin (Andreas Strand).



Johannes Gjerland med andre plass i U14 under krinsmeisterskap i storlalåm i Blomlia.

Sportslege resultat:

I dei noko avgrensa med krinsrenn som blei for aldersbestemte klasser har det framleis vore rimeleg god deltaking av alpinister frå Jølster IL Alpin.

Der var god deltaking og prestasjonar på felles fartssamling og fartsrenn med Hordaland skikrets på Ål i januar.

I Snø Cup 2020 stilte Jølster IL Alpin med 3 løperar. Håvard Taklo U16, Oskar Ellingsund og Kjetil Taklo U14. Stevnet blei arrangert av Stabæk Alpin. Storlalåm blei avvikla i Wyller laurdag 18.1 og til slalåmrennet 19.1. fekk dei ei ny oppleving med innandørs renn i Snøhallen i Lørenskog. Snø Cup var òg kvalifisering til internasjonale renn i aldersbestemte klasser. Deltakerane våre fekk målt seg med ca 100 løperar i klassene sine frå heile landet. Oskar Ellingsund presterte svært godt i U14-klassen med ein 9-e og 15-e plass.

Andre nasjonelle stevner som Telenorlekene for U13 og U14, Hovudlandsrenn for U15 og U16, Donald Duck Wintergames for U9-U16 samt Bendit Alpinfestival i Ål for U8 – U12 blei alle pga samfunnet sine pandemi-restriksjonar avlyst i 2020.

Nasjonellt og internasjonellt var Jørgen Taklo og Andreas Strand aktiv i ulike FIS-renn og meisterskap.

I eit kraftig forseinka senior-NM i alpint tok Andreas Strand i desember bronse i slalåmkonkurransen på Ål etter å ha vore i tet etter første omgang.

Andreas representerte Noreg i Europacup i slalåm i Frankrike i januar-20 og Jørgen Taklo debuterte i Europacup i utfor i Kvitfjell i slutten av februar-20.

Andreas hadde i alt 6 pallplasseringar i FIS-renn under sesongen 2020. 3 av dei som vinnar.

I krinsmeisterskap hadde vi følgjande pall-plasseringar:

Slalåm Oskar Ellingsund (**Krinsmeister U14**)
 Kjetil Aarøen Taklo (Sølv U14)
 Hans Anders Gjerland (**Krinsmeister Jr1**)
 Bendik Bryan Hamar (**Krinsmeister Jr2**)

Storslalåm Oskar Ellingsund (**Krinsmeister U14**)
 Kjetil Aarøen Taklo (Bronse U14)
 Johannes Gjerland (Sølv U16)
 Hans Anders Gjerland (**Krinsmeister Jr1**)
 Bendik Bryan Hamar (**Krinsmeister Jr2**)



Andreas Strand øvst på pallen i FIS-renn i Bjørkelia 1.3.20.

Arrangement:

Vi arrangerte i 2020:

Kvalikrenn for Sogn og Fjordane skikrins og Hordaland skikrets 8-9. februar.

I alt med ca 60 deltakarar.

FIS-renn slalåm 28., 29. februar og 1. mars.

I 2020 var det arransjert 3 FIS-renn i slalåm i Kvamsbakken. Første rennet var eit reint juniorrenn (opp til og med U21). I alt var der over 80 deltakarar frå 5 ulike lender.

Andreas Strand kom på pallen i begge rennene 29.2. og 1.3. Som vinnar i det andre rennet.

Telenor karusellrenn. 1 av i alt 3 planlagte Telenorkarusellrenn for dei yngste løparane vart arrangert i Hauglandsbakken i vinterferieveka med drygt 10 deltakarar.



God stemning på Telenor-karusellrenn i Bjørkelia i februar.

Økonomi/ Støttespelarar

Jølster Alpin har kontinuerleg investering av sikringsnett, portar og anna utstyr til treningar og renn dei siste åra. Inntektene kjem hovudsakeleg frå sponsorinntekter, trenings- og rennkontigent, og midlar frå hovudlaget. Alpingruppa har ein sunn og berekraftig økonomi.

Jølster Alpin har ei rekkje trufaste sponsorar som har støtta oss i ei årrekkje. Vi takkar følgjande verksemder:

Firda, Eninvest, Åsen & Øverlid, ADCom Fjord Data, Avans AS og Intersport/Erdal Sport.

Styret i Jølster IL Alpin

4. mars 2021